

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Utvallssak
Formannskap	16.06.2021	068/21
Heradsstyret	16.06.2021	030/21

Sakshandsamar Præstiin, Lars	Arkiv: K1-216, K2-S05	Arkivsaknr 15/220 - 8
---------------------------------	--------------------------	--------------------------

Høyring av vilkårsrevisjon for Eidfjord Nord reguleringa

Sakstilfang:

- 25.03.2021 Høyring av revisjonsdokument for Eidfjord Nord reguleringa og søknad om fortsatt drift av Tveitafoss kraftverk
- 02.08.2017 Vedtak om revisjon av konsesjonsvilkår for Eidfjordreguleringen i Eidfjord og Ulvik kommuner, Hordaland. NVEs referanse: 201500615-11
- 26.04.2016 Krav om revisjon av konsesjonsvilkår for Eidfjordvassdraget og Simavassdraget - oversendelse av krav til kommentar.
- 21.04.2016 Vilkårsrevisjon Eidfjord-Nord
- 09.03.2016 Vilkårsrevisjon Eidfjord-Nord
- 10.02.2016 Vilkårsrevisjon Eidfjord-Nord
- 12.05.2015 Eidfjordvassdraget - krav om revisjon av konsesjonsvilkår - NVE ber om kommunenes ev. planer . NVEs referanse: 201500615-2

Saksutgreiing:

Saken gjeld [vilkårsrevisjon for Eidfjord Nord reguleringa](#). NVE har sendt revisjonsdokumentet på offentleg høyring.

NVE vedtok i brev av 02.08.2017 at vilkåra for følgjande konsesjonar skal reviderast:

- *Kgl. res. av 18.05.1973: Reguleringsbestemmelser for statsregulering for utbygging av Eidfjord Nord kraftanlegg*
- *Kgl. res. av 04.06.1976: Reguleringsbestemmelser for statsregulering for utbygging av Eidfjord Nord. Fastsettelse av reguleringsbestemmelser*

- *Kgl. res. av 13.05.1977: Eidfjordverkene – Endring av manøvreringsreglement*
- *Kgl. res. av 03.09.2004: Tillatelse til overføring av Oneåa til Sy-Sima kraftverk i Eidfjord kommune.*
- *Kgl. res. av 22.03.2013: Konsesjon til bygging og drift av Grasbotntjørni pumpe og overføring av vann fra Grasbotntjørni til Langevatn, Ulvik herad i Hordaland*
- *NVEs vedtak av 10.05.2005: Tillatelse til bygging av Storlia kraftverk (Planendring 12.03.2015).*

På bakgrunn av krav frå Eidfjord kommune, Ulvik kommune, FNF-Hordaland og føringar frå NVE har Statkraft Energi AS utarbeidd eit revisjonsdokument som mellom anna beskriv reguleringane og vurderer dei ulemper ein er kjent med. Dokumentet skal gje oversikt over kraftverksannlegg, reguleringar og overføringar, miljøtilstand i rørte vassdragsavsnitt og ein vurdering av innkomne krav. Dokumentet skal også omtale eventuelle moglegheiter for opprusting og utviding av eksisterande vasskraftanlegg. Revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for NVE til å fastsette reviderte vilkår.

Hovudformålet med vilkårsrevisjonen er å betre miljøforholda i dei regulerte vassdraga. Dette må vegast opp mot formålet med sjølve konsesjonen, som er kraftproduksjon. Det er bare konsesjonsvilkåra som kan reviderast, ikkje sjølve konsesjonen, som til dømes høgaste regulerte vasstand (HRV) og lågaste regulerte vasstand (LRV). Manøvreringsreglementet er ein del av konsesjonsvilkåra og kan følgjeleg reviderast. Privatrettslege forhold omfattast ikkje, og normalt heller ikkje økonomiske vilkår som ikkje kan knytast direkte til miljøforholda.

NVE ber kommunane vurdere om revisjonsdokumentet har gitt tilstrekkeleg kunnskap om problemstillingane i saken, og eventuelt komme med forslag til nye avbøtande tiltak som kan betre miljøforholda.

Høyringsfristen er 1. juli.

Vurdering:

Ulvik heradsstyre har tidlegare, i utvalssak 016/16 av 20.04.2016, gitt uttale til kravet om vilkårsrevisjon for Eidfjord Nord reguleringa. Det vart då gjort følgjande vedtak i saken:

«Ulvik herad er positiv til ein vilkårsrevisjon for Eidfjord-Nord anlegget og modernisering/ajourføring av konsesjonsvilkåra.

Ulvik herad ber konsesjonsmyndigheita sjå på om fondskapitalen for det felles Fiskefondet for Eidfjord og Ulvik kan aukast. Kapitalen bør justerast i forhold til konsumprisindeksen. Fondet bør kunne delast mellom kommunane.

Ved revisjon av vilkåra bør konsesjonsmyndigheita gå gjennom eksisterande kunnskap og eventuelt innhente ny kunnskap om miljøforholda i vassdraget. Dei tiltak som er lista opp i den regionale vassforvaltningsplanen for Hordaland må inngå i NVE sin vurdering.

Ulvik herad ynskjer at det vert stilt krav om minstevassføring på anadrom strekning i Austdøla. Ein må då vurdere om noko av vatnet kan førast via Austdøla kraftverk som no ligg til konsesjonshandsaming hjå NVE.

Villreinnemnda for Hardangervidda må høyra i saken med tanke på villrein og trekkvegar for villrein. Andre naturlege tema å ta opp er friluftsliv/reiseliv og forholda for grunnvatn i Osa.»

Her under fylgjar ein kort gjennomgang av korleis Statkraft har omtalt og vurdert Ulvik herad sine krav til vilkårsrevisjonen i revisjonsdokumentet.

Modernisering av konsesjonsvilkåra:

«I henhold til OEDs Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår vil «de til enhver tid gjeldende standardvilkårene bli innført» ved samtlige revisjonar» (s. 66). Standard naturforvaltningsvilkår blir følgt opp av aktuell sektormyndighet. Til dømes har Statkraft etter reguleringa gjennomført undersøkingar, satt ut fisk og gjort andre tiltak etter pålegg frå Miljødirektoratet i dei anadrome vassdraga. Det er òg gjennomført undersøkingar og avbøtande tiltak for innlandsfisk etter pålegg frå Fylkesmannen i Hordaland.

Felles fiskefond:

Statkraft meiner kravet ikkje er omfatta av vilkårsrevisjonen. *«Eid fjord kommune og Ulvik herad har krevd å øke Fondskapitalen til det felles Fiskefondet for Eid fjord og Ulvik. Som omtalt i OEDs retningslinjer for vilkårsrevisjon, så er økonomiske vilkår ikkje omfattet av en vikårsrevisjon. Statkraft er ikke kjent med at det foreligger spesielle hensyn i Eid fjord Nord»* (s. 67).

Me vil peke på at det i følgje NVE er økonomiske vilkår «som ikkje kan knytast direkte til miljøforholda», som ikkje er omfatta av vilkårsrevisjonen. Fiskefondet er etter vårt skjønn direkte knytt til miljøforholda.

Eksisterande og ny kunnskap om miljøforholda:

Me registrerer at all ny kunnskap, som er henta inn i samband med vilkårsrevisjonen, er konsentrert rundt Bjoreio. Statkraft har underforstått vurdert den eksisterande kunnskapen om vassførekostane i Ulvik som tilstrekkeleg. Kunnskapsgrunnlaget for Eid fjordvassdraget og for Sima er særskilt omtalt i eige avsnitt i dokumentet, men kunnskapsgrunnlaget for Osavassdraget/Austdøla er ikkje eksplisitt omtalt.

Ulvik herad har ikkje per dags dato konkrete innspel til kunnskapshol, men me vil tilrå NVE å krevje at konsesjonären tek ein gjennomgang av alle vassførekostar i reguleringa og sjekkar arkiv-delen i Vann-nett. Arkivet i Vann-nett bør oppdaterast med all eksisterande kunnskap om vassførekostane, som konsesjonären måtte sitte inne med.

[Søknad om konsesjon for Austdøla kraftverk](#) av mai 2015 inklusiv vedlegg kan med fordel inngå i kunnskapsgrunnlaget for Osa-Osafjellet/Austdøla.

Regionalplan for vassforvaltning:

Status for vassførekostane i høve til vassforskrifta er omtalt på side 41 i revisjonsdokumentet. Berre vassførekostar med tiltak i regional plan for vassforvaltning 2016-2021 er kommentert. Ingen av dei omtalte vassførekostane ligg i Ulvik.

På side 66 visar Statkraft likevel til at standard naturforvaltningsvilkåra, som til dømes fiskeutsetjingspåbod frå Fylkesmannen, er oppdatert etter at vassforvaltningsplanen ble vedtatt.

Dette gjeld også vassførekommstar i Ulvik.

Minstevassføring i Austdøla

Ulvik herad har lagt fram krav om minstevassføring på anadrom strekning i Austdøla, der det i gjeldande manøvreringsreglement ikkje er krav om slepp av vatn. Osavassdraget har totalt 4 km anadrom strekning fordelt på 2,5 km i Norddøla, 1 km i Austdøla og 0,5 km frå samløpet og ned til Osafjorden. Vassdraget er karakterisert primært som ein sjøaureelv. Tilstanden for sjøaure er «omsynskrevjande», vassdragsregulering og fysiske inngrep er avgjerande for tilstanden (s. 42).

Statkraft har rekna ut at minstevassføring tilsvarande Q95 på Røykjafossen vil medføre eit gjennomsnittleg årleg produksjonstap på om lag 20 GWh og dessutan medfører tekniske vanskar, då vatnet mest sannsynleg vil fryse til is i fjellet før det kjem fram til anadromstrekning på vinterstid (s. 62). Dette er vurdert på bakgrunn av vasslepp frå Rundavatn.

Konsesjonæren ser det «*ikkje som relevant for vilkårsrevisjonen at det er næringsinteresser knytt grunnvassuttag som vil ha nytte av minstevassføring*» (s. 62). Kommunal vassforsyning til heile Ulvik er ikkje nemnt med eit ord i den samanheng.

Statkraft meiner kravet om minstevassføring i Austdøla bør avvisast, då det vil medføre betydeleg krafttap, som ikkje står i forhold til nytteverdien. Gjennom samarbeid med forvaltning og forskingsinstitusjonar skal det vere mogeleg å utvikle gode løysingar, som kan sikre vassdekte areal for sjøauraen i Austdøla også med dagens vassføring (s. 64).

Villrein

Demningar og vassmagasin i fjellet bidreg, som annan infrastruktur, til fragmentering av landskapet med tanke på villreinen sitt høve til fri ferdsle og arealbruk. Til dømes måtte Statkraft, etter påtrykk frå Ulvik herad, i 2001 si frå seg retten til å regulere Grøndalsvatn og Kvillinganutvatn på grunn av områdets naturverdi og verdi som trekk-korridor for villrein (s. 49).

Men som fylgje av reguleringa er villreinen ved høg magasinvatnstand fortsatt avskore frå å nytte eit trekk, som tidlegare gjekk i retning Rembesdalen og mot områda på sør-vestsida av Langvatn (s. 48).

Statkraft siterer Statnett sin konsekvensutgreiing for 420kV leidninga Sima-Samnanger av 2006, der «*verdien av området vest for Langvatn er definert som liten*» for villrein, og legg dessutan til grunn at reinen i liten grad brukar området mellom Riksveg 7 og Bergensbanen, samt at områda rundt Eidfjord Nord reguleringa «*ikkje er aktuelle kalvingsområde*» (s. 48, 1. og 2. avsnitt).

Men revisjonsdokumentet siterer på same side [Nilsen og Strand \(2017\)](#) for at meir enn 1000 dyr skal ha vandra frå Nordfjella over Geitryggen og via taket på Finsetunellen inn i området mellom Bergensbanen og RV 7 i 2001.

I Ulvik herad sitt eige viltkart er heile området vest av Finse til Langvatnet verdsett som «svært viktig viltområde» for villrein. Det same er områda sør om Langvatnet og rundt Onen, mens sjølve vatnet og områda på vestsida er verdsett som «viktig viltområde».

Det går ikkje fram av dokumentet om Villreinnemnda er høyrt i saken.

Revisjonsdokumentet underkommuniserer etter vårt skjønn området sin verdi for villrein, og området har ikkje blitt mindre viktig dei siste åra. Reinen er no hardt pressa frå fleire hald. Bestanden er sanert i Nordfjella sone 1, CWD er oppdaga på Hardangervidda, og bestanden på Hardangervidda slit med dårlig kondisjon, fotråte og avgrensa arealbruk. Trafikklyssystemet slår ut i raudt etter den nye kvalitetsnorma for villrein, og direktorata legg opp til omfattande

bestandreduksjon for å avgrense spreiinga av CWD.

Før villrein kan reetablerast i Nordfjella sone 1 må den aktuelle donarbestanden friskmeldast. Villrein frå Nordfjella sone 2 står no høgst på lista over aktuelle kandidatar, det er difor viktigare enn nokon gong å ta godt vare på villreinen i området nord om riksveg 7. Det er i dag ein vinterbestand på om lag 320 dyr som nyttar områda på begge sider av Bergensbane.

Friluftsliv/reiseliv

Området rundt Eidfjord Nord reguleringa har mye å by på; naturmangfaldet i fjordlandskapet og på Hardangervidda, kulturlandskapet i bygdene og den regulerte Vøringsfossen, som ein viktig norsk naturattraksjon. Dette utgjer ein ramme som tiltrekker turistar frå heile Verda (s. 4). Landskapet er skildra på side 11 og turismen på side 13. Nokre utfordringar knytt til landskap og friluftsliv er omtalt på side 46, men ingen av desse gjeld Ulvik. Anleggsvegen til Osafjellet er nemnt som eit positivt resultat av utbygginga for friluftsliv/reiseliv.

Grunnvatn i Osa

Reguleringas påverknad på grunnvasstanden var tema både før og etter utbygginga.

Grunnvassbrønnar ble etablert i 1970 og fleire utgreiingar ligg føre (s. 50). Statkraft vurderer dagens kunnskapsgrunnlag på dette felt som tilstrekkeleg (s. 67). Om ytterlegare undersøkingar skal gjennomførast, kan dette påleggjast av sektormyndighet med heimel i oppdaterte vilkår.

I Osa er alle grunnvassrør i området er påverka av reguleringa. Grunnvassnivået i både Austdøla og Norddøla er markant endra etter reguleringa. Påverknadsgraden er størst nærmest elvane (s. 50). Grunnvassmagasina vert i all hovudsak mata ved direkte infiltrasjon frå elvane, men det er framleis uklart kor stor innverknad redusert vassføring og lågare grunnvasstand har på vassinntrenginga til den nedre akviferen.

[NVE rapport nr. 4 fra 2005 om miljøbasert vassføring](#) er likevel klar på at eit pålegg om minstevassføring vil ha positiv effekt med tanke på utnytting av grunnvassressursane i Osa for både kommunalt vassverk og for kommersielt uttak. Reguleringa sin innverknad på grunnvatnet må difor sjåast i tett samanheng med kravet om minstevassføring.

Anna

Revisjonsdokumentet vektlegg dessutan at regulerbarheita gjer Lang-Sima til eit kraftverk i særklasse. Med stor fallhøgde og Pelton-aggregat kan konsesjonären prioritere å levere høg effekt på tidspunkt med stor etterspørsel og når andre ikkje leverer. Lang-Sima er blant dei viktigaste reguleringeskraftvekene på Vestlandet.

I tillegg er reguleringa viktig for å avgrense flom og flomskader i nedre deler av vassdraga, ved at vatn haldast igjen i magasin i høgfjellet ved store nedbørsmengder.

Enkelte tema kunne vert utgreidd litt meir djuptgåande, men revisjonsdokumentet svarar i all hovudsak på Ulvik herad sine innmeldte krav til vilkårsrevisjonen og kunnskapsgrunnlaget for denne.

Økonomiske konsekvensar:

Krafttap kan medføre reduserte inntekter til Ulvik herad.

Rådmannen sitt framlegg:

Ulvik herad tek revisjonsdokumentet til Vilkårsrevisjon Eidfjord Nord av desember 2020 til orientering. Dokumentet oppfyller i hovudsak våre krav og forventningar til dokumentasjon frå Statkraft i samband med revisjonen.

Me vil likevel påpeke følgjande:

- Eit eige avsnitt om kunnskapsgrunnlaget for Osavassdraget og magasina på Osafjellet hadde vert ønskjeleg.
- Heile kunnskapsgrunnlaget i form av relevante rapporter, undersøkingar, konsesjonssøknader, revisjonsdokument ol. bør leggjast inn i Vann-nett på alle aktuelle vassførekomstar.
- Det felles fiskefondet for Eidfjord og Ulvik er etter vårt skjønn eit økonomisk vilkår, som er direkte knytt til miljøforholda, og såleis høveleg gjenstand for vilkårsrevisjon.
- Fjellområda må verdsetjast høgare enn det Statkraft legg til grunn med tanke på villrein. Reinen er hardt pressa frå fleire hald, og områda rundt reguleringa kan ha stor betyding for reinen sin framtid regionalt.
- Også sjøauren er pressa frå fleire hald. NVE må vurdere vilkåra for konsesjonane etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12. Samla belastning (§ 10) og føre-var prinsippet (§ 9) må vektleggjast i vurderinga med tanke på villrein, sjøaure, grunnvatn og økosystema i Osa og på Osafjellet i sin heilskap.
- Miljøbasert minstevassføring i Osa handlar om meir enn sjøaure. Minstevassføring vil òg ha positiv effekt på grunnvatnet. Grunnvatnet i Osa er drikkevasskjelde for heile Ulvik (og i tillegg eksportvare). Dette må NVE ikkje neglisjere i sin vurdering.
- Utbygginga av Våteklevbekkane bidreg til auka samla belastning på både grunnvatn og økosystem i Osa.
- Korleis vasskraftutbygginga har påverka økosystemet i fjorden og produksjonen av fisk og yngel i fjordsystemet er eit tema, som bør belysast betre i framtida.

16.06.2021 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK- 068/21 Vedtak:

Samrøystes tilråding:

Ulvik herad tek revisjonsdokumentet til Vilkårsrevisjon Eidfjord Nord av desember 2020 til orientering. Dokumentet oppfyller i hovudsak våre krav og forventningar til dokumentasjon frå Statkraft i samband med revisjonen.

Me vil likevel påpeke følgjande:

- Eit eige avsnitt om kunnskapsgrunnlaget for Osavassdraget og magasina på Osafjellet hadde vert ønskjeleg.
- Heile kunnskapsgrunnlaget i form av relevante rapporter, undersøkingar, konsesjonssøknader, revisjonsdokument ol. bør leggjast inn i Vann-nett på alle aktuelle vassførekomstar.
- Det felles fiskefondet for Eidfjord og Ulvik er etter vårt skjønn eit økonomisk vilkår, som er direkte knytt til miljøforholda, og såleis høveleg gjenstand for vilkårsrevisjon.
- Fjellområda må verdsetjast høgare enn det Statkraft legg til grunn med tanke på villrein. Reinen er hardt pressa frå fleire hald, og områda rundt reguleringa kan ha stor betyding for reinen sin framtid regionalt.

- Også sjøauren er pressa frå fleire hald. NVE må vurdere vilkåra for konsesjonane etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12. Samla belastning (§ 10) og føre-var prinsippet (§ 9) må vektleggjast i vurderinga med tanke på villrein, sjøaure, grunnvatn og økosystema i Osa og på Osafjellet i sin heilskap.
- Miljøbasert minstevassføring i Osa handlar om meir enn sjøaure. Minstevassføring vil òg ha positiv effekt på grunnvatnet. Grunnvatnet i Osa er drikkevasskjelde for heile Ulvik (og i tillegg eksportvare). Dette må NVE ikkje neglisjere i sin vurdering.
- Utbygginga av Våtekleivbekkane bidreg til auka samla belastning på både grunnvatn og økosystem i Osa.
- Korleis vasskraftutbygginga har påverka økosystemet i fjorden og produksjonen av fisk og yngel i fjordsystemet er eit tema, som bør belysast betre i framtida.

16.06.2021 Heradsstyret

Ulvik herad tek revisjonsdokumentet til Vilkårsrevisjon Eidfjord Nord av desember 2020 til orientering. Dokumentet oppfyller i hovudsak våre krav og forventningar til dokumentasjon frå Statkraft i samband med revisjonen. Me vil likevel påpeke følgjande:

- Eit eige avsnitt om kunnskapsgrunnlaget for Osavassdraget og magasina på Osafjellet må takast inn i revisjonsdokumentet.
- Heile kunnskapsgrunnlaget i form av relevante rapporter, undersøkingar, konsesjonssøknader, revisjonsdokument ol. må leggjast inn i Vann-nett på alle aktuelle vassførekommstar.
- Det felles fiskefondet for Eidfjord og Ulvik er etter vårt meining eit økonomisk vilkår, som er direkte knytt til miljøforholda, og såleis gjenstand for vilkårsrevisjon.
- Fjellområda må verdsetjast høgare enn det Statkraft legg til grunn med tanke på villrein. Dei seinare åra har det skjedd mykje med CVD som belastar villreinen. Reinen er hardt pressa frå fleire hald, og områda rundt reguleringa kan ha stor betyding for reinen sin framtid regionalt.
- Også sjøauren er pressa frå fleire hald. NVE må vurdere vilkåra for konsesjonane etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12. Samla belastning (§ 10) og føre-var prinsippet (§ 9) må vektleggjast i vurderinga med tanke på villrein, sjøaure, grunnvatn og økosystema i Osa og på Osafjellet i sin heilskap.
- Miljøbasert minstevassføring i Osa handlar om meir enn sjøaure. Minstevassføring vil òg ha positiv effekt på grunnvatnet. Grunnvatnet i Osa er drikkevasskjelde for heile Ulvik (og i tillegg eksportvare). Dette må NVE ikkje neglisjere i sin vurdering.
- Utbygginga av Våtekleivbekkane bidreg til auka samla belastning på både grunnvatn og økosystem i Osa.
- Korleis vasskraftutbygginga har påverka økosystemet i fjorden og produksjonen av fisk og yngel i fjordsystemet er eit tema, som bør belysast betre i framtida.

Endringsframlegg frå Høgre:

Endring i dei første 4 kulepunktta:

- Eit eige avsnitt om kunnskapsgrunnlaget for Osavassdraget og magasina på Osafjellet må takast inn i revisjonsdokumentet.
- Heile kunnskapsgrunnlaget i form av relevante rapporter, undersøkingar, konsesjonssøknader, revisjonsdokument ol. må leggjast inn i Vann-nett på alle aktuelle vassførekommstar.
- Det felles fiskefondet for Eidfjord og Ulvik er etter vårt meining eit økonomisk vilkår, som er direkte knytt til miljøforholda, og såleis gjenstand for vilkårsrevisjon.
- Fjellområda må verdsetjast høgare enn det Statkraft legg til grunn med tanke på villrein. Dei seinare åra har det skjedd mykje med CVD som belastar villreinen. Reinen er hardt pressa frå fleire hald, og områda rundt reguleringa kan ha stor betyding for reinen sin framtid regionalt.

Røysting over dei første 4 kulepunktta(Endringsframlegg frå Høgre):

Endringsframlegg frå Høgre vart samrøystes vedteken og tilråding frå formannskapet fall.

Røysting over resten av kulepunktata i tilrådinga frå formannskapet:
Samrøytes vedteken.

HST- 030/21 Vedtak:

Samrøytes vedtak:

Ulvik herad tek revisjonsdokumentet til Vilkårsrevisjon Eidfjord Nord av desember 2020 til orientering. Dokumentet oppfyller i hovudsak våre krav og forventningar til dokumentasjon frå Statkraft i samband med revisjonen.

Me vil likevel påpeke følgjande:

- Eit eige avsnitt om kunnskapsgrunnlaget for Osavassdraget og magasina på Osafjellet må takast inn i revisjonsdokumentet.
- Heile kunnskapsgrunnlaget i form av relevante rapporter, undersøkingar, konsesjonssøknader, revisjonsdokument ol. må leggjast inn i Vann-nett på alle aktuelle vassførekommunar.
- Det felles fiskefondet for Eidfjord og Ulvik er etter vårt mening eit økonomisk vilkår, som er direkte knytt til miljøforholda, og såleis gjenstand for vilkårsrevisjon.
- Fjellområda må verdsetjast høgare enn det Statkraft legg til grunn med tanke på villrein. Dei seinare åra har det skjedd mykje med CVD som belastar villreinen. Reinen er hardt pressa frå fleire hald, og områda rundt reguleringa kan ha stor betydning for reinen sin framtid regionalt.
- Også sjøauren er pressa frå fleire hald. NVE må vurdere vilkåra for konsesjonane etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12. Samla belastning (§ 10) og føre-var prinsippet (§ 9) må vektleggjast i vurderinga med tanke på villrein, sjøaure, grunnvatn og økosystema i Osa og på Osafjellet i sin heilskap
- Miljøbasert minstevassføring i Osa handlar om meir enn sjøaure. Minstevassføring vil òg ha positiv effekt på grunnvatnet. Grunnvatnet i Osa er drikkevasskjelde for heile Ulvik (og i tillegg eksportvare). Dette må NVE ikkje neglisjere i sin vurdering.
- Utbygginga av Våteklevbekkane bidreg til auka samla belastning på både grunnvatn og økosystem i Osa.
- Korleis vasskraftutbygginga har påverka økosystemet i fjorden og produksjonen av fisk og yngel i fjordsystemet er eit tema, som bør belysast betre i framtida.